

# Kvalitetsplan SFO

2024 - 2025



- Saman i vennskap, leik & læring -

Toftøy Skule

**Innholdsfortegnelse**

Bakgrunn og forankring:	3
Føremål med planen:	3
Kommunalsjefen har ordet:	3
Verdigrunnlaget	4
Visjon for SkuleFritidsOrdningen i Øygarden Kommune	4
Samarbeid i SFO	5
Samhandling skule og SFO	5
Samarbeid barnehage-skule-SFO	5
Samarbeid Skule - SFO - Heim	6
Innhaldet i SFO	6
Overordna	6
Leik	7
Kultur	7
Fysisk aktivitet og rørsleglede	9
Mat og måltidsglede	10
Inkludering	11
Kvalitetsutvikling	12
Årshjul	13

## Bakgrunn og forankring:

Hausten 2021 vart det vedteke ein nasjonal Rammeplan for SFO. I samanheng med dette vart det sett ned ei prosjektgruppe med representantar frå Utdanningsforbundet, Fagforbundet og SFO- leiarar som skulle jobbe med lokal forankring av denne planen.

## Føremål med planen:

Øygarden kommune skal ha ein felles overordna plan for SFO- tilbodet i kommunen med utgangspunkt i Rammeplanen.

Dette for å sikre ein felles standard for kvalitet i einingane.

Planen skal vere eit verktøy den enkelte SFO skal nytte i utviklingsarbeidet, for å betre kompetanse og kvalitet i tilbodet.

SFO skal ha eit heilskapleg perspektiv på oppveksten og utviklinga til barna, med fokus på samspel, leik og læring.

## Assisterende kommunalsjefen har ordet:

I 2021 gjorde Stortinget vedtak om **Rammeplan for skolefritidsordningen**:

«SFO skal legge til rette for lek, kultur og fritidsaktiviteter med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna, og gi barna omsorg og tilsyn.»

Rammeplanen gir rom for lokale variasjonar, satsingar og planar. For å sikre eit heilskapleg perspektiv på barna sin oppvekst og utvikling, bør SFO og skule samarbeide tett.

Mange barna nyttar tilboden i SFO. For skuleåret 2023/24 er det påmeldt 1481 elevar i 1.-4. trinn. Det utgjer om lag 75% av elevane. For komande skuleår er det innført gratis kjernetid for elevane på 1. og 2. trinn. Det er eit viktig familiepolitisk tiltak for at økonomi ikkje skal vere avgjerande for om eleven søker plass i SFO.

Ei arbeidsgruppe med leiarar i SFO har utvikla ein SFO plan for Øygarden kommune som tar utgangspunkt i den nasjonale rammeplanen. Den lokale planen konkretiserer tema frå rammeplanen og setter det inn i ein lokal kontekst.

Planen er eit godt utgangspunkt for vidareutvikling av kvaliteten i SFO, og vil stryrke samarbeidet mellom skule og SFO.

Takk til alle som har utvikla planen !

Med helsing

Jon Erik Egeland

Ass.k.sjef oppvekst

## Verdigrunnlaget


I Rammeplanen står det skrive:

SFO skal byggje sin praksis på grunnleggjande verdiar som er felles i formålsparagrafane til barnehagen og opplæringa.

Verdigrunnlaget skal formidlast og praktiserast i alle delar av arbeidet i SFO, samt prege innhaldet og arbeidsmåtane.

<https://www.udir.no/utdanningslopet/sfo/rammeplan/skolefritidsordningens-verdigrunnlag/overordnet-om-verdigrunnlaget-til-sfo/>

## Visjon for SkuleFritidsOrdninga i Øygarden Kommune



**I SFO skal vi ha kompetente og engasjerte vaksne,  
som skal “lyse” og løse med omsorg, tryggleik og respekt.**



## Samarbeid i SFO

### Samhandling skule og SFO

SFO er administrativt knytt til kvar skule. SFO bør samarbeide med skulen for å sikre ein heilskap i kvardagen til barna. Det er på mange måtar to ulike læringsplattformar med ulik form og innhald, men med same verdiar og haldningar.

Rammeplanen seier at omsynet til barnas beste skal ligge til grunn når SFO samarbeider med foreldre, skule, barnehage og andre offentlege instansar.

SFO skal samarbeide med skulen, heimen og aktuelle hjelpetjenester når det er nødvendig for å ivareta barn med særskilde behov. Når det er nødvendig for å ivareta barnets behov for eit heilskapleg, koordinert og individuelt tilpassa hjelpetilbod, skal SFO delta i arbeidet med individuell plan for barn med behov for koordinerte tjenester.

SFO er i ein sentral posisjon til å kunne observera og motta informasjon om barna sin omsorgs- og livssituasjon. SFO skal ha eit bevisst forhold til at barn kan vere utsatt for omsorgssvikt, vald og seksuelle overgrep, og skal ha kjennskap til korleis dette kan oppdagast og førebyggjast. Eigar skal bidra til at SFO blir inkludert i samarbeid med relevante institusjonar, som barnehagar, skulen, skulehelsetjenesta, den pedagogisk-psykologiske tjenesta og barnevernet, samt syte for at personalet kjenner til meldeplikta til barnevernet.

Betre Tverrfaglig Innsats for barn og unge i Øygarden Kommune.

Det skal vera trygt og godt for barn og unge å vekse opp i vår kommune. På tross av dette vil vi stundom støte på utfordringar og vanskar som gjer at ikkje alle har det så bra.

Ein kan lese meir om dette her : <https://oygarden.betreinnsats.no/>

### Teikn på god praksis:

- SFO skal vere ein integrert del av skulen si samla verksemd, der SFO er ei naturleg forlenging av skuledagen.
- SFO-leiar og rektor har faste møter. Det er rektor som har det overordna ansvaret for å leggja til rette for samarbeidet.
- Samarbeid med lærarane på 1.-4 trinn er nødvendig for å gje ein heilskap i det som skjer.

### Samarbeid barnehage-skule-SFO

For å få til ein god og trygg overgang frå barnehage til skule-SFO er det viktig at skulane-SFO og barnehagane får til ein god dialog i god tid før skulestart.

### Teikn på god praksis:

- Overføringsmøte, barnehage og skule, for barn med særskilde behov.
- Ordinære overføringsmøter med alle barnehagar som har førskulebarn.



- Besøk frå dei ulike barnehagane.  
Dele viktig informasjon med lærarar og tilsette i SFO.
- Skule/SFO besøk i barnehagen.
- Starte denne overføringsprosessen tidleg for å byggje ei bru mellom barnehage, skule og SFO.
- SFO leiar har jamnleg kontakt med føresette til barn som treng ekstra oppfølging.



## Samarbeid Skule - SFO - Heim

Eit godt foreldresamarbeid mellom SFO og heim skapar trivsel og tryggleik.

### **Teikn på god praksis:**

- Førskuledag.
- Foreldremøte om hausten eller på førskuledagen.
- Personalet i dei ulike gruppene sørger for den gode, kvardagslege kontakten med føresette i bringe/hentesituasjon.
- Lav terskel for å ta kontakt.

## Innhaldet i SFO

### Overordna

I Rammeplanen står det at SFO skal legge til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar som er tilpassa barn i ulik alder og med forskjellig funksjonsnivå. SFO skal, gjennom innhald og arbeidsmåtar, legge til rette for god samhandling i barnegruppene, mellom enkeltbarn, samt mellom vaksne og barn. Barna skal ha gode vilkår for å medvirke i SFO.

## Leik

Leiken skal ha stor plass i SFO. Forskning viser kor viktig leik er for barns utvikling. I Øygarden kommune vil vi arbeide med leik og verdien av leik , som skal vere helsefremjande for barna. Dei tilsette skal innehå nok kunnskap og kompetanse til å verdsætja leiken som eigenart. Dei tilsette skal tilrettelegge for allsidig og innkluderande leik.

*Vi har fokuset retta mot: relasjonar, vennskap og positiv utvikling i ein SFO-kvartdag der barna kan trivast.*

### Teikn på god praksis:

- Vere så tett på barna at vi kan hindra uønska atferd og gje støtte i sosial samhandling.
- Barna er trygg og trivst på SFO.
- Barna kjenner at dei høyrer til.
- Vi legg til rette for variert fri leik, samt styrt leik, både inne og ute.
- Vi legg til rette for at barna opplever glede, deltaking og meistring.



## Kultur

Kultur ein ein viktig del av innhaldet i SFO. Vi skal leggje til rette for at barna får delta i ulike kulturelle aktivitetar, til dømes musikk, dans, drama og anna skapande verksemnd. Barna skal bli kjend med samisk kultur.

### Teikn på god praksis:

- Gje støtte til å skape eigne uttrykk
- Leggje til rette for mangfold
- Samarbeid med lokale aktørar.



Øygarden kommune

## Fysisk aktivitet og rørsleglede

SFO er ein viktig arena for barna til å bruke kroppen i ulike aktivitar både inne og ute. Vi skal fremje rørsleglede med å legge til rette for dagleg, variert aktivitet tilpassa barna sin alder, utvikling, funksjonsnivå og interesse.

SFO skal ivareta og hjelpe barna til både fysisk og mental utvikling. Vi må sjå barnas helse som summen av desse to. I dette arbeidet må vi ha trygge gode vaksne som støttar og oppmunstrar barna til å meistre ulike utfordringer.

### Teikn på god praksis:

- Aktivitet og rørsleglede som stimulerer til vennskap, relasjonsbygging, språkutvikling, undring og kreativitet.
- Tur/uteaktivitet som ein fast del av SFO.
- Varme, motiverte og engasjerte tilsette som inspirerer barna til aktivitet både ute, inne og i naturen.
- Glade og engasjerte barn.



## Mat og måltidsglede

SFO skal legge til rette for daglege måltid som gjer barna grunnlag for å utvikle matglede, fellesskapskjensle og gode helsevanar. Barna skal få tilstrekkeleg tid og ro til å ete i løpet av tida dei er i SFO. Måltidet kan være medbrakt matpakke eller mat servert av SFO.

Vi skal læra om mat som er bra for kroppen og kloden, i tråd med Helsedirektoratets kostråd og Nasjonal fagleg retningslinje for mat og måltid i skule og SFO. Vi skal fremje matglede, sosialt samvær, trivsel og helse. SFO skal skape gode rutinar for hygiene og avfallshåndtering, og ha fokus på berekraftig utvikling.

### Teikn på god praksis:

- Måltidet: ei stund for gode samtalar. Alle deltar og barna opplever fellesskap.
- Personalalet deltar aktivt i måltidet.
- Inkludere barna i matlaginga på SFO.
- Vi skal skape trygge positive rammer rundt måltida.



## Inkludering

SFO skal vareta, anerkjenne og synleggjere mangfald og legge til rette for at ulike språk, uttrykksformer og kulturar kan inkluderast i leik og aktivitet. I utforminga av leikemiljøet ute og inne skal SFO ta omsyn til mangfaldet i barnegruppa.

Barn med behov for særskild tilrettelegging skal ha eit tilbod som legg til rette for at også dei kan vere inkluderte og delta likeverdig i leik, kultur og aktivitetar. SFO skal arbeide aktivt for å fremje universell utforming, *jf. likestillings- og diskrimineringslova § 19*, for å bidra til barnas inkludering og tilhørsle til fellesskapet.

Vedtekten for skulefritidsordninga i Øygarden kommune finn de her:

<https://www.oygarden.kommune.no/tjenester/skule-og-sfo/skulefritidsordning-sfo/vedtekter-for-sfo/>

**Vi arbeider med inkludering kvar dag i SFO, på same måte som i skuletida.**



### Teikn på god praksis:

- Tilrettelegge for ulike aktivitetar og turar der alle kan delta.
- Aktivitetar der vi legg vekt på ulikskap, og at det i seg sjølv har stor verdi for mangfald og fellesskap.
- Synleggjere ulike kulturar.
- Lyset retta mot vaksne sine haldningar, verdiar og kunnskap om barn og mellommenneskelege relasjonar.
- Bruke bildestøtte (språk, språkvanskar) på dagoversikt eller månadsplan til heimen.

## Kvalitetsutvikling

Eigar skal leggje til rette for at SFO har moglegheiter til å planleggje og evaluere verksemda, drive kompetanseheving og reflektere over innhald og arbeidsmåtar.


SFO skal være eit fellesskap og ein lærande organisasjon som javnleg vurderer og vidareutviklar praksisen sin. SFO-leiar skal leggje til rette for at heile personalet reflekterer over faglege og etiske spørsmål i tilknyting verdiane og innhaldet i rammeplanen og korleis dei kan vere gode rollemodellar for barna.

Eit godt og tillitsfullt samarbeid mellom SFO og heim er grunnleggjande for kvaliteten, og SFO skal leggje til rette for at foreldre kan bidra i kvalitetsutviklingsarbeidet.


Alle barn i SFO har rett til et trygt og godt miljø som fremmer helse, trivsel og læring, *jf. oppleringsloven § 9 A-2.*

### Vurdering

- Eigenvurdering av teikn på god praksis kvart halvår.
- Medarbeidarsamtalar, samt samtalar ved behov.
- Barnesamtalar og barns medverknad.
- Brukarundersøking.
- Fagleg oppdatering.
- Skuleeigar følgje opp SFO som ein del av plan for kvalitetsoppfølging.
- Evaluering og utvikling av Kvalitetsplanen



## Årshjul Øygarden kommune



Kvar eining har lokalt tilpassa årshjul.